

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Målfrid Hannisdal Teigen
Arkivsaksnr.: 18/1855 - 1

Arkiv: 205

Planlagt behandling:

Formannskap
Kommunestyre

PRINSIPPAVKLARING UTBYGGINGSPAKKE JÆREN

Bakgrunn for saka:

Rogaland fylkeskommune har sendt over eit grunnlag for prinsippavklaring om Utbyggingspakke Jæren som skal politisk behandlast i kommunane Hå, Klepp og Time. Dette vil avklara om det er grunnlag for å arbeida vidare med utarbeiding av bompengepakken.

Grunnlaget for Utbyggingspakke Jæren er basert på dei premissar som blei lagt i samband med avslutninga av Nord-Jærenpakken og etablering av Bymiljøpakken (for Stavanger, Sola, Randaberg og Sandnes). Vidare detaljar har vore drøfta i styringsgruppa for Utbyggingspakke Jæren der Hå, Klepp og Time deltek. Gjesdal og Sandnes har observatørstatus.

Våren 2015 vart det gjort klart frå Vegdirektoratet at det var behov for eit betre plangrunnlaget for vegprosjekt i Utbyggingspakke Jæren før ein kunne leggja saka fram for Stortinget. Det medførte at det blei sett i gang detaljregulering av tre prosjekt som var aktuelle å gjennomføra med finansiering frå Utbyggingspakke Jæren. Desse tre var Tverrforbindelsen Fv. 505 Foss-Eikeland – E39 Bråstein, Fv. 44 Braut - Ree og Fv. 504 Buevegen.

Tverrforbindelsen ligg inne som eit prosjekt i Bymiljøpakken og er planlagt realisert mot slutten av bompengeperioden. Det ligg i denne pakken inne med ein kostnad på 750 mill. kroner basert på anslag for trasè nord for Figgoelva.

Vidare saksgang:

Utbyggingspakke Jæren vil bli sendt på lokalpolitisk behandling to gonger. Den første runden som no blir gjennomført skal avklara prinsippa i pakken. Høyringsfristen er sett til 21. september 2018.

Neste runde vil avklara dei totale rammene for pakken. Det inkluderer endeleg prosjektportefølje, bomstasjonsplassering, økonomiske rammer og styringsstruktur. Denne høyringa vil bli gjennomført i kommunane våren 2019. Fylkeskommunen legg opp til behandling hausten 2019. Avhengig av kor tidleg på våren kommunane behandlar saka, vil det vera ein moglegheit for at fylkeskommunal behandling kan bli våren 2019. Saka skal deretter behandlast av Stortinget. Innkrevingsstart i 2020 eller 2021 er då realistisk.

Saka er utarbeida i fellesskap mellom rådmennene i Hå, Klepp og Time. Det vil bli lagt fram likelydande sak og forslag til vedtak i kommunane. Samferdselsdepartementet har gitt signal om at det er avgjerande med lokalpolitisk einigheit mellom kommunane dersom ein skal gå vidare med denne saka.

Vurdering:

Rådmennene meiner at det grunnlaget som Rogaland fylkeskommune har oversendt til lokalpolitisk behandling er tilstrekkeleg til at kommunane no kan fatta eit prinsippvedtak om ei bompengepakke. Bompengepakka har eit mål om «framkommelighet for alle» og vil bidra til utvikling av infrastruktur for bilistar, gåande- og syklande og kollektivreisande som reiser i Hå, Klepp og Time. Dobbeltspor på Jærbanen er lagt til grunn som ein føresetnad for pakken. Pakken må også ta omsyn til at det er eit nullvekstmål for personbiltransporten på Nord-Jæren.

Rådmennene meiner det er viktig å få ei rask realisering av Fv 505 Tverrforbindelsen mellom Foss-Eikeland og Bråstein. Det vil gje store utfordringar for lokalmiljøa at berre første del av Tverrforbindelsen (Skjæveland - Foss-Eikeland) blir realisert dei nærmaste 10-15 åra. Det vil også gjera realisering av omkjøringsveg Kverneland krevjande i denne perioden. Tverrforbindelsen er i kommunedelplanarbeid vurdert både nord og sør for Figgjoelva. Trafikkmodellar viser at ein trasè sør for Figgjoelva gir best effekt for Jærkommunane og avlastar Fv. 44. Isolert sett er ein trasè sør for Figgjoelva meir kostbar og krevjande grunna kulturminner og kryssing av elva, men ein sørleg trasè reduserer kostnadane for omkjøringsveg om Kvernaland.

Rådmennene tilrår at prosjektet Tverrforbindelsen blir overført frå Bymiljøpakken til utbyggingspakke Jæren slik at prosjektet kan realiserast tidleg i perioden saman med omkjøringsveg om Kvernaland. Den finansieringa som er lagt til grunn i Bymiljøpakken må då følgja med.

I premissane som er lagt til grunn for Utbyggingspakke Jæren er det lagt til grunn ein intern timesregel i pakken. Det betyr at ein berre betaler for ei bomstasjonspassering i løpet av ein time. Det er også lagt til grunn ein felles timesregel med Bymiljøpakken. I inntektsgrunnlaget i det vedlagte notatet er det lagt til grunn at inntekter frå køyretøy som passerer begge bompengepakkene går til Bymiljøpakken. St.prp. 47 S (2016-2017) gir rom for ei fordeling av inntektene mellom Bymiljøpakken og Utbyggingspakke Jæren ved ein felles timesregel. Dette var ein føresetnad frå Rogaland fylkeskommune i samband med vedtaket om bymiljøpakken. Kommunane på Jæren har i heile prosessen med nye bompengepakker lagt til grunn at ein felles timesregel inneber ei inntektsfordeling mellom pakkane.

Rådmennene legg til grunn at det skal vera ei fordeling av inntektene frå timesregelen mellom dei to bompengepakkane. Dette må takast opp med kommunane i Bymiljøpakken.

I samband med forarbeidet til denne prinsippavklaringa har det vore sett på ulike takstnivå og konsekvensen av desse for inntektsnivået. I notatet frå fylkeskommunen er det no lagt til grunn dei same takstane som i Bymiljøpakken. Det vil seie 23 kroner for takstgruppe 1 (lette køyretøy) og 58 kroner for takstgruppe 2 (tunge køyretøy) i 2018-prisar. Det blei nyleg gitt tilslutning til ei utsetting av prisjusteringa av takstane i Bymiljøpakken. Takstane er difor inntil vidare 22 kroner for lette køyretøy og 55 kroner for tunge køyretøy i 2016-prisar. I Utbyggingspakke Jæren er det lagt til grunn dei same prisane heile døgnet. Rådmennene støtter forslaget om å leggje til grunn det same takstnivået som i Bymiljøpakken og ikkje ha rushtidsavgift. Dei to pakkane har ein slik geografisk nærleik at det vil vera hensiktsmessig å prøva å få til ei lik innretning på dei områda det lar seg gjera. Andre forhold som vil vera hensiktsmessig å gjera likt er passeringstak på 75 passeringar per måned, rabatt på 20 prosent ved bompengebrikke og 50 prosent rabatt for nullutsleppskøyretøy.

Kor stor prosjektportefølja i Utbyggingspakke Jæren vil bli, avheng av kor store inntektene blir. Det som blir føreslått i denne prinsipp-saka vil påverke det endelege inntektsgrunnlaget. Det er difor ikkje mulig å no vedta ei endeleg prosjektportefølgje. Likevel meiner rådmennene at det å signalisera noko om kva type prosjekt som er aktuelle for pakken er relevant. Sidan arbeidet med Utbyggingspakke Jæren starta er val av ny trasè for E39 avgjort. Den indre

korridoren er valt. Det avklarar premissane for omkjøringsveg om Kverneland og tverrforbindelsen. Utbedring av Fv. 504 Buevegen og Fv. 44 Braut – Re er også aktuelle i pakken. I tillegg vil det kunna vera aktuelt å inkludera andre vegprosjekt i pakken.

Utbyggingspakke Jæren gir rom for å realisera trafikksikringstiltak og gjennomgåande gang- og sykkelvegprosjekt. Gjennom pakken vil kommunane også få realisert tiltak som betrar kollektivtilbodet og legg til rette for "park and ride" mot Jærbanen. Slike tiltak lar seg realisere langt raskare og i større omfang dersom bompengefinansiering kjem på plass.

Midlane tilgjengeleg for investeringar vil bli høgare når ein får på plass ei deling av inntektene frå felles timesregel. Kostnadane ved innkreving er venta å bli lågare som følgje av lågare driftskostnader ved regionale bompengeselskap. Endring i andre føresetnader som kan påverke inntekter og kostnader vil også kunne skje fram mot andre runde med lokalpolitisk behandling. Prosjektportefølgje og utbyggingsrekkefølge vil bli avklart i andre runde med lokalpolitisk behandling.

Særskilte utfordringar for Klepp kommune:

På delar av vegsystemet i Klepp er det utfordringar knytt til trafikkavvikling. Særleg gjeld det Fv. 44 frå Kåsen til Braut og Fv. 505 gjennom Orstad. På Orstad aukar både ÅDT og andelen tungtrafikk som følgje av første trinn av tverrforbindelsen frå Gandal til Foss-Eikeland. Det er i desse områda av kommunen det er planlagt for størst befolkningsvekst framover og det vil gje ytterlegare utfordringar for transportsystemet.

I Klepp er det fleire sentrale strekkingar som manglar gang- og sykkelveg. I tillegg er det strekkingar og område der det er vesentlege behov for å auke standarden.

Utan bompengefinansiering meiner rådmannen at desse prosjekta ikkje lar seg realisera. I notatet som følgjer vedlagt er det eit eksempel på prosjekt som kan vera aktuelle for Utbyggingspakke Jæren.

Vedlegg:

Høyingsbrev frå Rogaland fylkeskommune

Notat om prinsippavklaringar frå Rogaland fylkeskommune

Forslag til vedtak i Hå, Klepp og Time er likelydande. Likelydande vedtak er ein føresetnad for å leggje fram eit forslag til ei samla pakke med prosjektportefølgje og bomstasjonsplassering m.m. våren 2019.

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

1. Det skal arbeidast vidare med å etablere ei bompengefinansiert utbyggingspakke for kommunane Hå, Klepp og Time.
2. Prosjektet Fv. 505 Tverrforbindelsen Foss-Eikeland til E39 Bråstein blir overført frå Bymiljøpakken til Utbyggingspakke Jæren. Fram til neste høyringsrunde i kommunane skal overføring og finansiering vera avklart.
3. Inntektene for felles timesregel mellom Utbyggingspakke Jæren og Bymiljøpakken går til den bompengepakka der første passering skjer.
4. Premissar for Utbyggingspakken:

- a. Takstane blir identiske med takstane utanom rushperiodane i Bymiljøpakken
 - b. Nullutsleppskøyretøy betaler 50 % av takstgruppe 1
 - c. Det blir eit passeringstak på 75 passeringar per måned
 - d. Innkrevjingsperiode blir 15 år
 - e. Det blir rabatt på 20 % ved bruk av bompengebrikke
5. Utbyggingspakke Jæren skal gje "bedre framkommelighet for alle". Midlane skal gå til etablering av nye vegar, utbetring av eksisterande vegar, gjennomføring av trafiksikringstiltak, etablering av gjennomgåande gang- og sykkelvegar, tiltak som betrar kollektivtilbodet og som legg til rette for «park and ride» mot Jærbanen.

Rådmannen i Klepp 23.08.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.